



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

Retningslinjer for å fakturere kredittkort

RUNDSKRIV:

10/2016

DATO:

25.05.2016

RUNDSKRIVET GJELD FOR:

Bankar

Finansieringforetak

FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

Retningslinjer for å fakturere kredittkort

Dette rundskrivet erstattar rundskriv 6/2013.

Finanstilsynet fastsette i 2013 retningslinjer for fakturering av kredittkortgjeld, rundskriv 6/2013. Retningslinjene ga uttrykk for kva tilsynet meiner bør vere foretaka sin praksis overfor kundane, og tok utgangspunkt i finansstilsynsloven (lov 7.12.1956 nr. 1) § 3, som slår fast at Finanstilsynet skal sjå til at foretaka under tilsyn tek hand om forbrukarane sine interesser og rettar.


Finansforetaksloven (lov 10.4.2015 nr. 17) har i § 16-1 reglar om organisering av kundebehandlinga, herunder krav til god forretningsskikk. Dei nye retningslinjene tek også utgangspunkt i finansforetaksloven § 16-1.

Retningslinjer for å fakturere kredittkort:

- Foretaket skal ikkje auke kredittramma utan etter søknad frå kunden og bør alltid avslå ein søknad om kredittkort om kredittvurderinga er negativ.
- Opplysningane i kontoutskrifta, sjå finansavtaleloven § 48a, skal stå på fakturaen eller i eit vedlegg til fakturaen. Opplysningane skal gjevast kvar månad, og opplysningane skal vere godt synlege.
- På alle fakturasystem skal beløpsfeltet på fakturaen vise samla uteståande kreditt. Kunden skal gjevast informasjon på fakturaen om at beløpet kan endrast til eit lågare beløp og kva for beløp som minimum må betalast.
- Alle fakturaer der kunden har uteståande kreditt, skal innehalde ein tabell som viser kostnadene ved ulike betalingsløysingar.

Cecilie Ask
juridisk direktør

Anders N. Kvam
forbrukarkoordinator



FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

POST@FINANSTILSYNET.NO

WWW.FINANSTILSYNET.NO